Fylkesmannen
i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Einar Nesse Johnsen
Telefon: 57643132
E-post: fmsfejo@fylkesmannen.no

Vår dato
18.12.2018
Dykkar dato
15.02.2017

Vår referanse
2017/1000- 542.1
Dykkar referanse

Ramsholmen AS
Leknessund
6926 Krakhella

Att. Karl Fredrik Tveit Helgesen

Oversending av vedtak om utsleppsløyve for produksjon av makroalgar ved Klippenesvika i Solund kommune

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve løyve etter ureiningslova til Ramsholmen AS for produksjon av inntil 200 tonn makroalgar årleg på lokaliteten Klippenesvika i Solund kommune. Utsleppsløyvet med tilhøyrande vilkår er vedlagt. Løyvet gjeld berre saman med løyve etter akvakulturlova. Sakshandsaminga vår er omfatta av ei gebyrordning. Vi har plassert søknaden i gebyrsats 6, som vil seie at vi varslar at de skal betale eit gebyr på kr 26 200.

Vi viser til søknad frå Ramsholmen AS dagsett 15.02.2017, motteken frå Nærings- og fiskeridepartementet 03.03.2017, og seinare komplettert med uttaler frå Solund kommune 03.08.2017. Vi har også fått tilleggsopplysningar til søknaden frå Karl Fredrik Tveit Helgesen per telefon den 10.10.2018. Vi er leie for at svaret frå oss kjem seint.

Søknader om akvakulturproduksjon med fisk, skaldyr, skjel og makroalgar er eit delegert saksområde som Fylkesmannen har mynde til å avgjere saka etter lov om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova). Vi har med heimel i ureiningslova § 11, jf. § 16, gjeve løyve, på visse vilkår. Løyvet med vilkår følgjer vedlagt. Merk også at vedlegga til løyvet er ein del av dei juridiske krava til verksemda. Vi ber om at vedlegget om "orientering til Fylkesmannen" blir returnert hit så snart som råd.

Vi gjer merksam på at løyvet berre kan takast i bruk dersom anlegget også får løyve etter akvakulturlova.

Gjenpart av løyvet blir sendt til Nærings- og fiskeridepartementet. Ei fråsegn til departementet om konfliktar i høve til natur, miljø og friluftsliv vert oversendt til departementet og søkjar i eige skriv.

Grunngjeving for vedtaket

Om saka

Tidlegare drift
Det har tidlegare vore gjeve utsleppsløyve til oppdrett av torsk ved lokaliteten, lok. Klippeneset tilhøyrande Steinar Nybø. Denne akvakulturlokaliteten vart sletta av Fiskeridirektoratet i 2008.

Om søknaden
Ramsholmen AS søkjer om løyve til å etablere eit akvakulturanlegg ved Klippenesvika for dyrking av makroalgane butare, sukkertare, fingertare og havsalat, med inntil 200 tonn (våtvekt) i året. For sukkertare og butare er det opplyst at ein vil nytte sporar frå lokale populasjonar i området ved Leknessundet. Det er ikkje sagt om det også gjeld for dei andre artane.

Anlegget vil ha eit areal på 53 dekar, 53 000 m^2. Det ligg eit større matfiskanlegg for laksefisk, Erko Seafood sin lokalitet Bjørnholmen, i ein avstand på ca. 300 meter frå omsøkt lokalitet. Bjørnholmen er klarert for 4680 tonn maksimal tillat biomasse (MTB) av matfisk. Denne lokaliteten fekk tildelt utsleppsløyve i 2013. Søkjar informerer om at matfiskanlegget ikkje har merknader til etablering av tareproduksjon sør for deira lokalitet. Søkjar ser føre seg at tareanlegget vil kunne utnytte dei utsleppa laksemerdene har av næringsemne, til auka produksjon av makroalgar. Algane skal vekse utan tilførsel av næring ut over det som naturen og matfiskanlegget bidreg med, og det er ikkje oppgitt at det er planlagt bruk av noko slags kjemikal i produksjonen.

Algane skal dyrkast på tau som til vanleg skal stå ca. 1 meter under overflata, bortsett frå ved utsetting og hausting. Produksjonstida er normalt frå om hausten til neste vår/sommar. Det er opplyst at algane ved hausting vil bli tatt til land, og at vidare «hausteprosessar» vil skje på land. Det er også opplyst at taren i første rekke skal nyttast som fôr for sau.

Solund kommune har ikkje motteke merknader frå ålmenta til søknaden i løpet av kunngjeringsperioden. Saka vart behandla 18.07.2017. Solund kommune har vurdert at tiltaket er i tråd med deira kommuneplan, og støttar ei etablering av lokalitet ved Klippenesvika. Kommunen set som vilkår at anlegget med forankring ikkje skal liggje til hinder for småbåttrafikken i indre lei.

Kystverket har 12.02.2018 vurdert søknaden ut frå verknader på god framkomst og trygg ferdsel til sjøs. Dei har gjeve løyve etter hamne- og farvasslova til å etablere anlegg med forankring på lokaliteten, med fleire vilkår i løyvet.

Generelt om algeproduksjon
Det er relativt lite erfaring med storskala algedyrking i norske farvatn, og moglege effektar på omkringliggjande naturmiljø er ikkje godt dokumentert. Det er risiko for fleire negative miljøverknader. Eit produksjonsanlegg for makroalgar vil legge beslag på areal, og konstruksjonar vil kunne setje preg på området. Det er usikkert korleis konstruksjonar og algane i seg sjølv vil påverke fugl, sjøpattedyr eller det marine økosystemet elles. Lystilhøva på sjøbotn kan endrast, slik at det vert dårlegare veksttilhøve for naturlege artar under anlegget. Anlegget vil kunne bidra med auka tilførsle av organisk materiale i form av lausrivne algar, som må brytast ned i miljøet. Dersom det vert nytta kjemikal, gjødsel eller plantevernmidlar i naturen, vil desse kunne ha negativ effekt på vasskvalitet og naturmiljø. Det er lite kunnskap om kva risiko flytting av genetisk materiale over større avstandar kan medføre for stadeigne algepopulasjonar, fiskeressursar og anna marint liv, og om kva for avstandar som er «små» eller «store». Det kan vere fare for at det oppstår algesjukdommar eller andre utfordringar ved intensiv dyrking. Anlegg og anleggsdrift kan bidra til marin forsøpling gjennom slitasje på utstyr eller uhell.

Anlegg for produksjon av makroalgar kan også tenkjast å gje andre effektar, som i visse tilfelle kan vere positive for det marine miljøet. Algar tek opp næringssalt frå vatnet og kan redusere effektar av menneskeskapte utslepp. Tareområde er normalt habitat for ei rekkje marine dyr og fiskeyngel, og anlegget kan føre til auka diversitet og næringsomsetting i eit område.

Vurdering etter ureiningslova

Tiltak som fører til fare for ureining, er forbode etter ureiningslova § 7. Unntak er dersom det vert gjeve løyve med heimel i § 11, eller dersom det er klart at ureininga ikkje medfører nemnande skade eller ulempe, jf. § 8, tredje ledd.

Ved avgjerda om å gje løyve og ved fastsetjinga av vilkåra legg vi vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket sett opp mot dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre med seg, jf. ureiningslova § 11. Fylkesmannen legg vidare til grunn kva resultat ein kan oppnå ved å nytte beste tilgjengelege teknologi og teknikkar. Ved fastsetjinga av vilkåra for drifta er omsynet til det ytre miljøet ivareteke så langt som mogleg.

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) set forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar og inneheld ei rekkje miljøfaglege prinsipp (§§ 8-12) som skal leggjast til grunn ved all offentleg sakshandsaming som har verknad for naturmangfaldet:

- § 8 om kunnskapsgrunnlaget
- § 9 om føre-var-prinsippet
- § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning
- § 11 om tiltakshavar betaler
- § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Miljøtilstanden i alt vatn skal i følgje forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta) oppretthaldast på eit godt nivå, og vernast mot forringing. Ny påverknad i form av nye utslepp (eller auka utslepp) kan i hovudsak berre skje dersom vassførekomstane ikkje får redusert sin økologiske miljøtilstand. Vassforskrifta er førande for Fylkesmannen sine vurderingar av om nye eller endra løyve etter ureiningslova for verksemd med utslepp til vatn kan gjevast, og for enkelte av vilkåra som vert sett i utsleppsløyva.

Naturverdiar i området og miljøpåverknad frå produksjon

Lokaliteten Klippenesvika ligg i innseglinga til Dumbefjorden i Solund kommune like nord for Klippeneset. Lokaliteten har fri vassutskifting og opne forhold nordover, men blir skjerma av land mot aust og delvis skjerma sørover og vestover av fjord. Botnen under anlegget skrår i austleg retning, og djupna varier frå 50-100 meter. Midtfjords frå anlegget er djupna rundt 150 meter. Her grunnar det til innover fjorden, medan det blir noko djupare nordover før fjorden opnar opp mot Vilnesfjorden.

Marint naturmangfald og marine naturtypar er generelt dårlegare kartlagt enn tilsvarande naturverdiar på land. Verknader av intensiv produksjon av makroalgar og kor store mengder organisk materiale som kan ventast å søkke til botn eller på anna måte påverke miljøtilhøva på eller rundt lokaliteten veit vi ikkje så mykje om i dag. Vi vurderer likevel at opplysningane frå søkjar og tilgjengeleg informasjon frå Naturbase[1] og andre offentlege databasar med miljødata (Fylkesmannen si kartteneste Fylkesatlas[2], Lakseregisteret[3], Vann-Nett[4] , Vannmiljø[5] og Fiskeridirektoratet si kartteneste Yggdrasil[6]) gjev tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for at Fylkesmannen kan ta ei avgjerd i saka.

---

[1] http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/
[2] https://www.fylkesatlas.no/
[3] http://lakseregister.fylkesmannen.no/a3_laksekart/Lakseregisteret
[4] https://www.vann-nett.no/portal/
[5] http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/
[6] https://kart.fiskeridir.no/

- Lokaliteten Klippenesvika ligg i nordenden av vassførekomsten Dumbefjorden (ID-nr 0280030400-C i Vann-Nett), som er eit område klassifisert som beskytta kyst/fjord. Dumbefjorden har moderat utskifting av vatn, og opphaldstida for botnvatn er rekna som moderat. Det er per i dag registrert lite påverknader i vassførekomsten, i hovudsak diffus avrenning frå litt spreidd busetnad, og vi har ingen overvakingsdata ut over ein stasjon med kartlegging av tilstanden til sukkertare. Like inn i neste vassførekomst ligg det eit større akvkulturanlegg for matfisk. Det som finst av informasjon om påverknader for den generelle miljøtilstanden i fjorden tyder samla sett på ein god økologisk tilstand per i dag, og at det ikkje er risiko for å bryte med miljømålet i vassforskrifta om å oppretthalde ein god tilstand. Basert på tilgjengeleg kunnskap er det svært lite sannsynleg at tiltaket vil føre til at tilstanden i vassførekomsten totalt sett vert endra.

- Det er verneområde i form av sjøfuglreservat ved Ramsholmen[7] (som består av Ramsholmane og Årsholmen) og Sakrisøy[8], om lag tre kilometer frå lokaliteten. Avstanden er stor nok til at vi ikkje forventar at anlegget vil gje skade på verneføremåla i desse områda. I tillegg til dei verna områda har det også vore registrert hekking av sjøfugl på fleire andre holmar i nærleiken, både nord og sør for lokaliteten. Vi har ikkje registrert hekkelokalitetar for rovfugl eller andre sårbare naturkvalitetar rundt lokaliteten som anlegget kan komme i direkte konflikt med. Vi gjer merksam på at verksemd som etablerer seg i eit område med mykje fugl tek forhandsreglar ved utforming og drift slik at det i minst mogleg grad lokkar til seg fugl, og vi minner om at verksemda pliktar å gjere alle nødvendige førebyggjande tiltak mot viltskade.

- Området har i dag verdi for friluftslivet gjennom småbåttrafikk og fritidsfiske. I søknaden er det nemnt at bebuarar i Sandvik ønskjer ferdsel på innsida av anlegget.

- Heile Dumbefjorden er ein registrert fiskeplass for brisling, makrell, sei og sild.

- Området nord i Dumbefjorden er eit registrert gytefelt for torsk.

- Miljøverndepartementet oppretta i 2005 Sukkertareprosjektet som kartla tilstanden for sukkertare langs kysten av Norge[9]. Dumbefjorden vart undersøkt i kartlegginga, og viste god tilstand for Sukkertare.

Det har tidlegare vore gjeve løyve for oppdrett av torsk på lokaliteten, som då vart kalla Klippeneset. Løyve vart gjeve i 2003, og lokaliteten vart trekt inn att i 2008. Vi er ikkje kjent med om det vart etablert drift med fisk i denne perioden. I vårt arkiv har vi funne at denne tidlegare søknaden hadde rapportar frå straum og miljøundersøkingar. Vassutskiftingsstraumen på 4 meters djupne var retningsstabil og sterk med få straumsvake periodar. Spreiingsstraum og botnstraum var relativt gode og jamne og vil sikre tilførsel av oksygen ved botn og dermed god omsetjing av partiklar frå anlegget. Miljøgranskinga (Rådgivende biologer, september 2001) er basert på ei MOM B-undersøking etter NS:9410:2000, og inneber grabbprøvar ved lokaliteten. Grabbprøvane inneheld mykje botngravande dyr. Granskinga plasserer området i beste tilstandsklasse.

---

[7] https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001319
[8] https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001286
[9] http://www.miljodirektoratet.no/old/klif/publikasjoner/2467/ta2467.pdf

300 meter nord for omsøkt lokalitet ligg Erko Seafood sin matfisk lokalitet Bjørnholmen. Her har det sidan etablering i 2012 vert gjennomført fleire enkle miljøundersøkingar. Den siste B-undersøkinga etter Norsk Standard NS 9410 frå 2017 viser upåverka sediment under storparten av anlegget. Generelt gode straumtilhøve og eksponering frå sjø fører til god vassutskifting. Granskinga plasserer lokalitet Bjørnholmen i tilstandsklasse 1 – svært god.

Dei utsleppa som anlegget har, må kunne omsetjast av naturen etter kvart, for å ikkje overbelaste miljøet. Vår vurdering er at lokaliteten har god evne til å bryte ned organisk tilførsel frå produksjon. Sjølv om vi vurderer lokaliteten som god vil det likevel vere viktig at drifta skjer på ein måte som sikrar at det vert så lite nedfall som mogleg. Det er også naturleg at miljøtilstanden på lokaliteten vert overvaka jamleg, for å sjå til at drifta ikkje medfører for stor miljøbelastning.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for vilkår
Fylkesmannen si vurdering er at produksjon av inntil 200 tonn makroalgar årleg på lokaliteten Klippenesvika kan få ein verknad på ytre miljø som er meir enn det som kan reknast som ubetydeleg. Produksjonen må difor ha eit eige løyve etter ureiningslova, jf. ureiningslova § 11.

Ut frå det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, vurderer vi lokaliteten som eigna til produksjon av makroalgar, sett ut frå verkeområdet til ureiningslova. Søknaden talar for ei driftsform som skal ta omsyn til miljøet og der eventuelle negative verknader vil bli forsøkt redusert mest mogleg. Tilgjengeleg kunnskap gjev ikkje eit fullstendig svar på kva for effektar etablering av algeproduksjon og den produksjonsmengda som er planlagt ved Klippenesvika kan få på naturmangfaldet, og det er difor ikkje mogleg med ei sikker vurdering av samla påverknad på økosystemet. I slike tilfelle skal føre-var-prinsippet vurderast. Vi finn ikkje grunn til å leggje avgjerande vekt på dette prinsippet i denne saka, ettersom vi ikkje har grunn til å tru at produksjonen vil medføre irreversible verknader på miljøet på kort tid, og det vil vere mogleg å sette inn korrigerande tiltak, skjerpe vilkåra for løyvet eller trekke tilbake løyvet, dersom miljøet på lokaliteten viser teikn til uakseptabel utvikling.

Risikoen for miljøverknader av etableringa er vurdert som forsvarleg, sett opp mot dei positive samfunnsmessige effektane av å vinne meir erfaring med algeproduksjon generelt sett, nye driftsmetodar og storskala drift. Fylkesmannen finn det såleis rimeleg å gje løyve etter ureiningslova for den aktiviteten som er søkt om. I løyvet vert det sett vilkår om miljøforsvarleg drift for å unngå eller avgrense skade på naturmangfald, og om at miljøtilstanden i resipienten ikkje skal forringast.

Vi set førebels ikkje vilkår om miljøovervaking på og rundt lokaliteten. Det kan likevel vere i søkjar si eiga interesse å vurdere noko form for risikobasert overvaking. Dersom uønskte miljøeffektar vert mistenkt eller avdekt, vil det kunne bli sett nye og skjerpa vilkår til løyva, eller løyva vil kunne verte trekt tilbake.

Vi vil streke under at all ureining frå aktiviteten isolert sett er uønskt. Verksemda pliktar å halde alle utslepp på eit lågast mogleg nivå, og pliktar å rydde opp i ev. ureining eller forsøpling så snart som råd, jf. også dei generelle pliktene som følgjer av §§ 7 og 28 i ureiningslova.

Vi gjer spesielt merksam på at mange krav går direkte fram av lov/forskrift og er ikkje gjentekne i det vedlagte løyvet. Når enkelte lovkrav er spesielt nemnde, har vi meint å informere verksemda og ålmenta om spesielt viktige krav, og i nokre høve presisere og tilpasse generelle reglar til verksemda. Ved tvil om tolking gjeld likevel krav i lovverket over vedtak i løyvet, dersom lovteksten ikkje gjev styresmakta heimel til særskild unntak eller skjerping. Nettstaden www.regelhjelp.no gjev oversikt over dei viktigaste ureinings- og avfallshandteringskrav til ei rekkje bransjar/verksemder i Noreg, inkludert akvakultur.

Varsel om gebyrbetaling

Ureiningsforskrifta kapittel 39 inneheld gjeldande regelverk for innkrevjing av gebyr for Fylkesmannen sitt arbeid med løyve etter ureiningslova og oppfølging av dette (tilsyn). Søknaden om nytt utsleppsløyve er løyvearbeid etter ureiningslova som det skal betalast gebyr for. Ressursbruken knytt til saksbehandlinga er lagt til grunn ved valet av gebyrsatsen.

På grunnlag av arbeidsmengda som søknaden om løyve om etablering av akvakulturanlegg ved Klippenesvika medfører for Fylkesmannen, varslar vi at gebyret vil bli fastsett til sats 6, jf. ureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Det vil seie at det skal betalast eit gebyr på kr 26 200.

De har høve til å komme med merknader til varselet om gebyr. Dersom vi ikkje mottek merknader innan fire veker, vert det gjort vedtak i samsvar med varselet.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Internkontroll
Det er ein føresetnad at verksemda har ein internkontroll som tek omsyn til verksemda sine plikter for å hindre ureining av ytre miljø, og som sikrar at verksemda oppfyller dei krava som går fram av lover, forskrifter og løyvet.

Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskrifta) er eit felles regelverk for tilsynsetatane som er kjent som HMS-etatane. Regelverket og korleis ein generelt må arbeide for å stette krava, er nærare omtalt på www.regelhjelp.no . Krava om tiltak for "ytre miljø" (tiltak for vern mot ureining og ei betre handtering av avfall) gjeld alle verksemder som har minst ein tilsett. Plikta til internkontroll som gjeld det ytre miljøet er difor presisert i vilkåra. Forskrifta omtaler kva for oppfølging av krav som må dokumenterast skriftleg, og korleis ein bør organisere arbeidet.

Endring eller tilbakekalling av løyvet
Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar som de sjølve ønskjer å gjere, skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn
Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff
Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrollova, samt forskrifter fastsette i medhald av desse lovene, er straffbart.

Brot på ureiningsregelverket er som hovudregel underlagt offentleg påtale. Ureiningsstyresmakta vil likevel til vanleg krevje straff for alvorlege eller gjentekne brot på regelverket. For andre brot på regelverket – og som verksemda ikkje straks/innan rimeleg tid rettar opp, kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp vil til vanleg Fylkesmannen gjere vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73. Hastar det å gjennomføre nødvendig tiltak kan Fylkesmannen også sørgje for igangsetjing av tiltak for den ansvarlege si rekning, jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar
Eit løyve etter ureiningslova avgrensar ikkje på nokon måte andre, privatrettslege nærings- eller grunneigarrettar som nokon måtte ha i omsøkt område. Eventuell etablering og oppstart av omsøkt produksjon bør difor berre skje dersom søkjar elles har sikra at det ikkje er konflikt med andre private rettar.

At ureininga er tillaten, fritek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), samt grannelova §§ 6, 7 og 8.

Offentleggjering av løyvet
Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta; kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven.

Vedtaket vert kunngjort på Fylkesmannen sine nettsider, www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/ .

Klagerett
Fylkesmannen sitt vedtak, herunder vilkår i løyvet, kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er på tre veker.

Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaka vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige initiativ avgjere at vedtak ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Med helsing

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:
1. Løyve etter ureiningslova til akvakulturanlegg for produksjon av makroalgar på lok. Klippenesvika – Ramsholmen AS
2. Skjema «orientering til Fylkesmannen», som skal returnerast i utfylt stand
3. Fråsegn til Ramsholmen AS sin søknad om etablering av akvakulturanlegg for produksjon av makroalgar ved lokaliteten Klippenesvika i Solund kommune.

Kopi på digitalpost:

Nærings- og fiskeridepartementet
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Solund kommune
Fiskeridirektoratet, Region vest
Mattilsynet
Miljødirektoratet

Fylkesmannen
i Sogn og Fjordane

Løyve etter ureiningslova til akvakulturanlegg for produksjon av makroalgar på lok. Klippenesvika – Ramsholmen AS

Løyvet er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensninger og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova), § 11 jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad oversend frå Nærings- og fiskeridepartementet 14.03.2017, og opplysningar framkome under behandlinga av søknaden. Vilkåra for løyvet følgjer på side 4-15.

Verksemddata

Akvakulturlokalitet[1]	**Klippenesvika** *(1412.0054)*	
Maksimal årsproduksjon og arealbruk	**200 tonn makroalgar, på 52 dekar**	
Kommune og fylke	Solund i Sogn og Fjordane	
Verksemd	Ramsholmen AS	
Postadresse	Leknessund, 6926 Krakhella	
Org. nummer	917 755 906 (føretaksnr.)	917 831 343 (bedriftsnr.)
NACE-kode	03.211 Produksjon av matfisk og skalldyr i hav- og kystbasert fiskeoppdrett	

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Bransje	
17/1000 – 542.1	1412.xxxx.xx *(ikkje tildelt)*	2018.xxxx.T *(ikkje tildelt)*	Akvakultur	
Kartreferanse (UTM 32, ETRS89)	Kartblad (M711, N50, 32V)	Vassdragsnr. (REGINE)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
281722 6791920 (midtpunkt)	1117-3 Solund	081.1	0280030400-C Dumbefjorden	Ytre Sogn

Løyve er gjeve:	Siste revisjon etter § 18 i ureiningslova: -	Dato for siste endring: -
18.12.2018		

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopiadressatar: Sjå liste i oversendingsbrevet.

[1] Jf. akvakulturregisteret, http://www.fiskeridir.no/register/akvareg/

Endringslogg

Endringsnr.	Endringsdato	Punkt	Kommentar

Innhald

Endringslogg 2
Føresetnader 4
1. Ramma for løyvet 4
2. Generelle vilkår 4
2.1. Avgrensing av utslepp 4
2.2. Plikt til å redusere ureining så langt som råd 4
2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald 5
2.4. Plikt til tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold 5
2.5. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø 5
2.6. Nærmiljø 6
3. Utslepp til vatn 6
3.1. Utsleppsmengder 6
3.2. Utsleppsreduserande tiltak 6
3.2.1. Gjødsling, kjemikal 6
3.2.2. Reingjering 7
3.2.3 Oljehaldig avløpsvatn 7
3.2.4 Overflatevatn 7
3.2.5 Mudring 7
4. Lukt 7
5. Lys 7
6. Ureina grunn og sediment 7
7. Støy 8
7.1. Utsleppsgrenser 8
7.2. Dokumentasjon på støynivå 8
8. Kjemikal 8
9. Energi 9
10. Avfall 9
10.1. Generelle krav 9
10.2. Farleg avfall 9
10.3. Organisk produksjonsavfall 10
11. Miljøinformasjon og journalføring 10
11.1. Kunnskap 10
11.2. Journalføring 10
11.3. Informasjon 10
12. Miljøtilstand og -overvaking 10
12.1. Krav til miljøtilstand 10
12.2. Overvaking 11
13. Større endringar 11
13.1. Endringar og utskifting av utstyr 11
13.2. Eigarskifte 11
13.3. Nedlegging eller lengre driftsstans 11
14. Tilsyn 12
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1. 13
VEDLEGG 2 - Definisjonar 15

Føresetnader

Løyvet etter ureiningslova gjeld frå det tidspunktet Nærings- og fiskeridepartementet har gjeve endeleg løyve etter akvakulturlova. Dersom Nærings- og fiskeridepartementet sitt vedtak gjev løyve til ein lågare produksjon enn det som løyvet etter ureiningslova tillet, er det produksjonsramma i departementet sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter ureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra til løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre. Nokre viktige omgrep er nærare forklart i vedlegg.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar på anlegget eller i produksjonen i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, eller ynskjer å fråvike vilkår gitt i dette løyvet, må dette avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 2 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing slik at vi kan vurdere eventuelle endringar eller attendetrekking, jf. ureiningslova § 20.

1. Ramma for løyvet

Løyvet gjeld ureining frå akvakulturproduksjon av følgjande makroalgar: butare (*Alaria esculenta*), fingertare (*Laminaria digitata*), sukkertare (*Saccharina latissima*) og havsalat (*Ulva lactuca*) i sjø på lokaliteten Klippenesvika i Solund kommune.

Løyvet gjeld for ein produksjon av inntil 200 tonn årleg biomasse av makroalgar (våtvekt). Arealbruken til produksjonsanlegget kan vere på maksimalt 53 dekar.

Løyvet gjev ikkje høve til utslepp av kjemikal, plantevernmiddel eller gjødsel. Løyvet gjeld også for aktivitet på eventuell landbase.

2. Generelle vilkår

2.1. Avgrensing av utslepp

Utsleppskomponentar frå verksemda som er vurdert å ha størst effekt på miljøet, er uttrykkeleg omtalt eller regulert i vilkåra i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med sakshandsaminga, eller på annan måte må ha vore kjend når dette løyvet vart vedteke. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

2.2. Plikt til å redusere ureining så langt som råd

All ureining frå verksemda, herunder utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Verksemda må arbeide kontinuerleg for å hindre at ureining oppstår eller aukar, for å avgrense ureining og for ei best mogeleg avfallshandtering. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor

fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået i høve til det som er lagt til grunn for løyvet, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr. System og rutinar for vedlikehald av utstyr som ved svikt kan gje negativ effekt på miljøet, skal vere dokumentert.

2.4. Plikt til tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining, skjemmande aktivitetar eller liknande, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal straks informere[2] Fylkesmannen

- når det oppstår unormale driftsforhold som kan gje synleg/merkbar ureining i strandsona eller elles i anlegget sitt nærområde,
- når det er aktivitet som mellombels kan føre til at utslepp til omgjevnadane av støy, støv eller lukt er høgare enn normalt,
- i situasjonar der utstyr, maskinar eller anna kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar,
- når avfall vert lagra over lenger tid eller på annan måte enn normalt.

For uønskte hendingar skal verksemda ha eit dokumentert system for registrering og eiga oppfølging. Plikta gjeld både for interne meldingar og melding/klage frå andre. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hending, og omtale tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentaking.

2.5. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse[3] av aktiviteten sin. Analysen skal omtale alle forhold ved verksemda (lokaliteten og eventuell landbase) som kan medføre fare for ureining eller avfallsproblem på verksemda sitt areal eller utanfor. Ved endringar skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Med grunnlag i analysen skal verksemda vurdere risiko, fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet, og iverksette nødvendige risikoreduserande tiltak. Fylkesmannen kan overprøve verksemda sine vurderingar og konklusjonar.

Verksemda sin internkontroll[4] for ytre miljø skal vere bygt opp etter resultat frå risikovurderingane, krav i dette løyvet og relevante krav elles etter ureiningsregelverket. Internkontrollen skal vere dokumentert og etterprøvbar i samsvar med dokumentasjonskrava i gjeldande forskrift. Oppdatert

[2] Merk at verksemda også har varslingsplikt etter *forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning* av 09.07.1992, nr. 1269

[3] Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

[4] Jf. *forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta) av 06.12.1996, nr. 1127

dokumentasjon skal bidra til å sikre at verksemda til ei kvar tid stetter krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrollova[5] og dei relevante forskriftene til desse lovene.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane (sjå vedlegg 2) som kan bli truga av ureining frå sin aktivitet, og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

Verksemda skal ha ein representant som er ansvarleg i høve til krava i dette løyvet og generelle krav i ureiningslova med forskrifter, samt skal syte for overvaking og vedlikehald av internkontrollen når det gjeld det ytre miljøet. Den ansvarlege for løyvet skal før produksjon vert starta opp, returnere utfylt skjema til Fylkesmannen (jf. vedlegg "orientering til Fylkesmannen". Endringar i opplysningane i skjemaet skal straks meldast til Fylkesmannen ved innsending av nytt skjema[6] eller på e-post til fmsfpost@fylkesmannen.no

2.6. Nærmiljø

Verksemda skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at ulempene for nærmiljøet som følgje av drifta (utslepp til vatn og luft, lukt, støy, støv, skadedyr og framande artar m.m.) vert redusert til eit minimum. Som nærmiljøet til verksemda reknast folk, tamme og ville dyr, fuglar, planter og anna liv på land og i vatn, samt spesielle natur- og landskapselement som måtte finnast nær ved anlegget eller ein eventuell landbase. Framande artar i dei høgaste risikokategoriane SE, HI og PH (sjå vedlegg 2) skal ikkje finnast i anleggsområdet.

Alt av eventuelle innsatsstoff, kjemikal, drivstoff, avfall, m.m. som kan utgjere ein ureiningsfare ved anlegget eller landbasen, eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal lagrast forsvarleg og vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Sikringa kan m.a. vere tilstrekkeleg inngjerding/ innebygging, container eller tett lagertank.

Alle lagertankar for flytande stoff som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal sikrast mot overfylling og lekkasje. Dersom tankvolumet har større kapasitet enn 1 000 liter skal sikringa minst ha oppsamlingsvolum tilsvarande kapasiteten på tanken pluss 10%.

3. Utslepp til vatn

Drifta skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunn eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet, ut over det som vert tillate i dette løyvet.

3.1. Utsleppsmengder

Utsleppa skal reduserast i så stor grad som teknisk og økonomisk mogleg.

Det er ikkje sett direkte utsleppsgrenser for utsleppa til vatn av organisk stoff eller anna frå produksjonen. Utsleppa er indirekte avgrensa gjennom ei produksjonsramme (pkt. 1), krav til drifta (pkt. 2 og 3.2) og krav til miljøtilstanden i resipienten (pkt. 10.1).

3.2. Utsleppsreduserande tiltak

3.2.1. Gjødsling, kjemikal

Det er ikkje tillate å tilføre gjødsel eller bruke kjemikal på akvakulturlokaliteten.

---

[5] *Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester* (produktkontrollova) av 11.06.1979, nr. 79

[6] Skjemaet ligg ute på våre nettsider www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/

Dersom det vert brukt miljøskadelege kjemikal om bord i arbeidsbåtar eller ved ein eventuell landbase, gjeld plikt til aktsemd slik at utslepp og faren for skade eller ulempe for miljøet vert minimert.

3.2.2. Reingjering

Grovreingjering av tau og anna utstyr på lokaliteten i form av spyling med vatn er tillate. Grovreingjering skal likevel ikkje medføre utslepp som gjev skade eller ulempe for miljøet.

3.2.3 Oljehaldig avløpsvatn

Oljehaldig avløpsvatn frå verkstad, motorrom eller liknande på ein eventuell landbase skal reinsast i oljeavskiljar eller tilsvarande reinseinnretning. For ev. utslepp av oljehaldig avløpsvatn til sjø skal oljeinnhaldet vere under 50 mg/l.

3.2.4 Overflatevatn

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal på ein eventuell landbase skal handterast slik at det ikkje medfører skade på miljøet.

3.2.5 Mudring

Mudring, herunder også slamsuging eller anna opprensking på botn, er ikkje tillate utan eige løyve frå Fylkesmannen.

4. Lukt

Diffuse utslepp av lukt frå produksjons- og lagerområde m.m. som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Handtering av makroalgar, lagring, spyling, reingjering og tørking av utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget og ein eventuell landbase, skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar eller andre.

5. Lys

Eventuelt lys som vert nytta til vekstregulering skal ikkje vere direkte synleg ved busetnad, fritidshus o.l.

6. Ureina grunn og sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje finn stad utslepp til grunnen som kan medføre nemneverdig skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda pliktar å ha oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på verksemda sitt område, og eventuell ureina sediment i sjøområda utanfor. Dette omfattar også å ha oversikt over faren for spreiing, og vurdere behov for undersøkingar eller tiltak. Dersom undersøkingar eller andre tiltak er nødvendig, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Utfylling, graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke ureina grunn eller ureina sediment, treng eige løyve etter ureiningslova frå Fylkesmannen, eventuelt godkjenning frå kommunen[7].

[7] Jf. ureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydning i ureina grunn ved bygge- og gravearbeider og ureiningsforskrifta kapittel 21.

7. Støy

Anlegget og eventuell landbase skal utformast og drivast slik at det ikkje medfører nemnande støyulempe for omgivnaden. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid, dvs. måndag til fredag kl. 7-16. Planlagt støyande aktivitet utanom dette skal varslast til Fylkesmannen og nabolag, jf. pkt. 2.3.

7.1. Utsleppsgrenser

Verksemda sine bidrag til utandørs støy per driftsdøgn ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride desse grensene, målt eller utrekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	**Laurdag**	**Sun- og heilagdag**	**Kveld (1900 – 2300), kvardagar**	**Natt * (2300 – 0700), alle døgn**	**Natt (2300 – 0700), alle døgn**
55 dB (A) L_{den}	50 dB (A) L_{den}	45 dB (A) L_{den}	50 dB (A) $L_{evening}$	45 dB (A) L_{night}	60 dB (A) L_{AFmax}

* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

For eventuelle rekreasjonsområde som må sjåast på som stille område, skal støy ikkje overstige 45 dB(A) utrekna som L_{den} midla over døgnet.

Dersom støyen inneheld reintonelyd eller impulslyd, skal grenseverdiane for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Alle støygrenser skal haldast i alle driftsdøgn.

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på anlegget, spyling av utstyr, og utsett, røkting og hausting av produksjonen, med meir. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for bygning av nemnde typar, eller bruksendring av bygning til nemnde typar, som vert etablert etter støygrensene i dette løyvet tok til å gjelde.

7.2. Dokumentasjon på støynivå

Det er ikkje venta at verksemda vil sleppe ut støy over tillatne grenseverdiar. Verksemda pliktar å dokumentere støynivåa, dersom det vert gitt nærare krav frå Fylkesmannen.

8. Kjemikal

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for ureining, skal verksemda dokumentere at det er gjennomført ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også regelverket om internkontroll.

Verksemda pliktar å ha ha eit system som dokumenterer at det blir gjort løpande vurderingar av om helse- og miljøskadelege kjemikal kan skiftast ut med mindre skadelege kjemikal (substitusjon)[8]. Det

[8] Jf. *lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester* (produktkontrollova) av 11.06.1976 nr. 79, § 3a om substitusjonsplikt.

skal finnast ei oppdatert vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan skuldast dei kjemikala som vert nytta, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, omsetjast eller brukast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket[9], biocidregelverket[10] og anna regelverk som gjeld for kjemikal.

9. Energi

Verksemda skal arbeide for ei mest mogleg energieffektiv drift. Verksemda bør i størst mogleg grad nytte eventuell overskotsenergi internt. Fylkesmannen kan seinare sette nærare krav til system for energileiing og spesifikt energiforbruk.

10. Avfall

10.1. Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg, med best tilgjengeleg teknologi og utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følgje av drifta. Innhaldet av skadelege stoff i avfallet skal avgrensast mest mogleg.

All handtering av avfall skal skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av ureiningslova, slik som avfallsforskrifta[11].

Avfall som oppstår i verksemda skal søkast gjenbrukt i eigen eller andre verksemder sin produksjon. Avfall som ikkje kan gjenbrukast, skal førebuast for materialgjenvinning. Brennbart avfall som ikkje praktisk kan førebuast for materialgjenvinning, skal søkast nytta til energiproduksjon. Brenning av avfall er ikkje tillate utan at det skjer i forbrenningsomn med særskild løyve frå Fylkesmannen eller Miljødirektoratet.

Avfall som oppstår i verksemda skal handterast og lagrast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for ureining, eller kjem på avveie som følgje av vind, bølgjer eller anna.

Avfall som ikkje vert gjenbrukt eller gjenvunne internt, skal leverast vidare til godkjent mottak[12]. Det er ikkje tillate å grave ned avfall eller dumpe avfall i sjøen.

10.2. Farleg avfall

Levering av farleg avfall skal skje minst årleg (når det oppstår 1 kg eller meir farleg avfall) og skal deklarerast gjennom www.avfallsdeklarering.no .

Sikringstiltak for lagring av farleg avfall skal baserast på ei risikovurdering. Som eit minimum skal lagring av farleg avfall skje under tak, og lageret skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Lagertankar for flytande avfall er omtalt i pkt 2.6. Anna lagring av farleg avfall skal skje på fast dekke med fall mot tett oppsamling. Lagra farleg avfall skal vere varig merkt med avfallstype. Ulike

[9] *Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier* (REACH) av 30.05.2008 nr. 516.
[10] *Forskrift om godkjenning av biocider og biocidprodukter* (biocidforskrifta) av 18.12.2003 nr. 1848 .
[11] *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) av 01.06.2004, nr. 930
[12] Jf. *lov om vern mot forurensninger og om avfall* av 13.03.1981 nr. 6 (ureiningslova), § 32 om næringsavfall.

fraksjonar av farleg avfall skal ikkje blandast saman, og farleg avfall skal ikkje blandast med anna avfall.

10.3. Organisk produksjonsavfall

Organisk produksjonsavfall skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår ureining eller fare for ureining. Verksemda skal ha beredskap for å kunne handtere større mengder produksjonsavfall som følgje av uhell som t.d. anleggshavari, sjukdom eller anna.

11. Miljøinformasjon og journalføring

11.1. Kunnskap

Verksemda skal ha oppdatert kunnskap om miljøpåverknaden frå eigen aktivitet og oversikt over annan relevant miljøinformasjon, herunder viktige eller verdfulle miljøressursar (sjå vedlegg 2) i nærleiken, som drifta ved anlegget kan påverke.

11.2. Journalføring

Verksemda skal regelmessig registrere og journalføre følgjande data:

- Produksjon – årleg biomasseproduksjon av makroalgar
- Avfall – typar, mengder og disponeringsmåtar, deklarering av farleg avfall
- Kjemikal – typar og forbruk
- Miljøtilstand – oversikt over eventuelle gjennomførte miljøgranskingar, og resultat av desse

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 4 år og vere tilgjengeleg ved kontroll/inspeksjon.

11.3. Informasjon

Verksemda skal på førespurnad frå naboar eller ålmenta gje ut all relevant miljøinformasjon om eiga drift, slik som opplysningar om utslepp og avfallshandtering ved verksemda og resultat av miljøovervaking. Nokre avgrensingar i informasjonsplikta er omtalt i miljøinformasjonslova[13].

12. Miljøtilstand og -overvaking

12.1. Krav til miljøtilstand

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at organisk avfall akkumulerer over tid eller at gravande dyr ikkje kan eksistere under anlegget eller i nærsona til anlegget. Utslepp skal heller ikkje gje nemnande reduksjon i naturmangfaldet på eller ved lokaliteten.

I sedimenteringsområde for eventuelt utslepp/nedfall frå anlegget skal miljøtilstanden over tid ikkje vere dårlegare enn klasse II ”god” (jf. gjeldande rettleiar for klassifisering av miljøtilstand[14]) når det gjeld djupvatn, blautbotnfauna og sediment, og den skal ikkje ha ei negativ utvikling.

Strandsona i nærområdet til anlegget skal ikkje vere synleg påverka av utslepp eller anna ureining frå anlegget.

---

[13] *Lov om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet* (miljøinformasjonsloven).

[14] Direktoratsgruppa for Vanndirektivet, 2013: Veileder 02:2013 *Klassifisering av miljøtilstand i vann*, eller seinare utgåve

12.2. Overvaking

Fylkesmannen kan stille krav om utvida gransking av støy, vassureining, luftutslepp eller andre granskingar som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje ureiningseffekt av dykkar aktivitet i resipienten (jf. ureiningslova § 51). Verksemda skal betale for slike granskingar.

Overvaking kan skje i samarbeid med andre som har utslepp til same området.

13. Større endringar

13.1. Endringar og utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast endringar i drifta som medfører utskifting av utstyr, teknologi eller installasjonar som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

Ved slike endringar skal beste tilgjengelege teknikkar nyttast med sikte på å motverke ureining.

13.2. Eigarskifte

Dersom verksemda vert overdratt til ny eigar, skal melding sendast til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast innan ein månad etter eigarskiftet. Dette gjeld også ved namneendring for verksemda.

13.3. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller ikkje skal ha produksjon på meir enn 12 månader, skal den ansvarlege* melde frå til Fylkesmannen. Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftsstans, skal det opplysast særskild i meldinga til Fylkesmannen.

*Den ansvarlege er den eller dei verksemdene som har hatt aktivitet ved anlegget, eigar av anlegget eller brukar av anlegget. Fylkesmannen vil ved behov rette krav mot den vi vurderer som primært ansvarleg. Ved eventuelt fleire ansvarlege, må desse avtale ansvarsforhold etter privatrettslege avtalar.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge den ansvarlege å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal den ansvarlege sørgje for at kjemikal, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i samsvar med gjeldande forskrift[15]. Dei tiltaka som vert gjennomførte i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegginga eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging skal den ansvarlege syte for at anleggsområdet og eventuell landbase vert sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Dersom verksemda ønskjer å starte opp att etter nedlegging/ lengre driftsstans, skal det meldast frå til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

[15] *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) av 01.06.2004 nr. 930, kapittel 11 om farleg avfall

14. Tilsyn

Verksemda pliktar til ei kvar tid å la representantar for Fylkesmannen føre tilsyn med anlegget og eventuell landbase.

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

Bromerte flammehemmere	**Vanlige forkortelser**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelser	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C_{10} - C_{13} (kloralkaner C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C_{14} - C_{17} (kloralkaner C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensider	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromuskforbindelser
Muskxylen

Alkylfenoler og alkylfenoletoksylater	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelser (PFAS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og forbindelser som inneholder PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedete perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelser	
Tributyltinnforbindelser	TBT
Trifenyltinnforbindelser	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelser	DBT
Dioktyltinnforbindelser	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner	PAH

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP

Bisfenol A	BPA

Siloksaner	
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

VEDLEGG 2 - Definisjonar

- Med ***miljøressursar*** som omtalt i vilkår 2.5 og 9 meiner vi naturvernområde, naturtypar eller friluftsområde (registrerte i Naturbasen eller andre offentlege verkty) eller plante- og dyreartar (registrerte i Artskart) med sine leveområde.

  http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/

  http://artskart.artsdatabanken.no/default.aspx

- Med ***skadedyr*** i vilkår 2.6 meiner vi både artar som kan vere naturleg utbreidd eller som kan ha kome til som følgje av aktiviteten ved verksemda annan aktivitet i tilknyting til verksemda. Dersom tal individ med eit skadepotensial aukar eller det er fare for at tal individ aukar, må tiltak vurderast / eventuelt setjast i verk.

- Med ***framande artar*** i vilkår 2.6 legg vi til grunn IUCN sin definisjon: "Framande artar er artar, underartar eller lågare taxa som har fått menneske til å hjelpe seg med å spreie seg utanfor sitt naturlege utbreiingsområde og spreiingspotensial."

  Dei omtalte risikokatergoriane er svært høg (SE), høg (HI) og potensielt høg (PH). Kva for artar dette gjeld vil liggje føre oppdatert på Artsdatabanken si nettside www.artsdatabanken.no .

- ***Støy***, jf. vilkår 6:
  - Med ***immisjon av støy*** meiner vi eit mål på støybelastning (innfallande lydtrykknivå) på eit punkt ut frå direkte måling og utrekning etter emmisjonsdata (måling ved støykjelda).
  - $\mathbf{L_{den}}$ er A-vegd ekvivalent støynivå per driftsdøgn for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB/ 5 dB skjerping på natt/kveld. Tida i dei ulike periodane er dag: kl. 07-19, kveld: kl. 19-23 og natt: kl. 23-07. L_{den} er nærare omtalt i T-1442 og definert i rammedirektivet for støy (2002/49).

    http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2014/Februar-2014/Veileder-til-retningslinje-for-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging-T-14422012/

    http://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=CELEX:32002L0049
  - $\mathbf{L_{evening}}$ er A-vegd ekvivalentnivå for perioden på 4 timar mellom kl. 1900 og 2300.
  - $\mathbf{L_{night}}$ er A-vegd ekvivalentnivå for perioden på 8 timar natt i mellom kl. 2300 og 0700. For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.
  - $\mathbf{L_{AFmax}}$ er A-vegd maksimalnivå for dei 5 – 10 mest støyande hendingane innafor perioden, målt/utrekna med tidskonstant "fast" på 125 ms.

- Med ***kjemikal*** i vilkår 7 meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukt i verksemda. Døme på slike kjemikal er vaskemiddel, groehindrande middel, hydraulikkvæsker, drivstoff, brannhindrande middel, plantevernmiddel m.m.

Fylkesmannen
i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Einar Nesse Johnsen
Telefon: 57643132
E-post: fmsfejo@fylkesmannen.no

Vår dato
18.12.2018
Dykkar dato
03.03.2017

Vår referanse
2017/1000- 542.1
Dykkar referanse

Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8014 Dep
0030 Oslo

Fråsegn til Ramsholmen AS sin søknad om etablering av akvakulturanlegg for produksjon av makroalgar ved lokaliteten Klippenesvika i Solund kommune

Vi viser til søknad frå Ramsholmen AS dagsett 15.02.2017, motteken frå Nærings- og fiskeridepartementet i oversending dagsett 03.03.2017, og seinare komplettert med uttaler frå Solund kommune 03.08.2017.

Om saka
Ramsholmen AS søkjer om løyve til å etablere eit akvakulturanlegg ved Klippneset i Solund kommune for dyrking av makroalgane sukkertare, butare, fingertare og havsalat, med inntil 200 tonn (våtvekt) i året.

For sukkertare og butare er det opplyst at ein vil nytte lokale sporer som utgangspunkt for stiklingar. Det er ikkje sagt om det også gjeld for dei andre artane.

Algane skal vekse utan tilførsel av næring ut over det som naturen og matfiskanlegga i nærleiken bidrar med, og det er ikkje oppgitt at det er planlagt bruk av noko slags kjemikal i produksjonen.

Algane skal dyrkast på tau som til vanleg skal stå ca. 1 meter under overflata, bortsett frå ved utsetting og hausting. Produksjonstida er normalt frå om hausten til neste vår/sommar.

Arealplanar og kommunal handsaming
Produksjonen skal skje på eit 53 dekar stort areal. Arealet er avsett til akvakultur i Solund kommune sin kommuneplan.

Solund kommune har ikkje motteke merknader frå ålmenta til søknaden i løpet av kunngjeringsperioden. Kommunen ser det som viktig at anlegget ikkje sperrar gjennomseglinga ved Nordre Klippeneset. Solund kommune har vurdert at tiltaket er i tråd med deira kommuneplan, og støttar ei etablering av lokalitet ved Klippenesvika.

Ureining
Fylkesmannen si vurdering er at verknaden som utsleppa frå ein produksjon av omsøkt storleik kan få på ytre miljø, er meir enn det som kan reknast som ubetydeleg. Produksjonen må difor ha eit eige løyve etter ureiningslova, jf. ureiningslova § 11. Vedtaket etter ureiningslova er sendt over i eit eige skriv.

Natur, biologisk mangfald og friluftsliv
Naturmangfaldlova sine miljørettslege prinsipp (§§ 8-12) skal vere retningsgjevande for all offentleg utøving av mynde som vedkjem naturmangfaldet. Det er eit krav at vurderingar av prinsippa skal gå

fram av vedtaket. Fylkesmannen si fråsegn er ikkje eit vedtak, men skal gje fagleg saksopplysning til Nærings- og fiskeridepartementet si avgjerd etter akvakulturregelverket.

Område med stor verdi for natur, miljø og friluftsliv innan fem kilometer frå lokaliteten er vist på kartutsnittet frå Fylkesatlas[1] under. Ved å gå inn på lenka kan de få opp meir informasjon om ulike temalag som viser viktige naturområde, friluftsliv og anna. Opplysningane under gjev ei oversikt over kunnskapsgrunnlaget vi har for å vurdere konfliktar med andre natur-, miljø- og friluftslivsinteresser, jf. naturmangfaldlova (nml.) § 8, og Fylkesmannen si vurdering av dei ulike konfliktområda.



Figur 1 Oversikt over ein del relevant kartfesta kunnskap om naturkvalitetar og friluftslivsinteresser rundt planlagt anlegg ved Klippenesvika. Sirkelen rundt anlegget har radius 5 km. Teiknforklaring og meir informasjon om dei enkelte temalaga finst på nettstaden Fylkesatlas.

Spesielle naturtypar og biologisk mangfald: Det er naturlege tareområde rundt lokaliteten. Dei nærmaste kartfesta områda ligg nord for lokaliteten i utløpet ved Leknessundet, men det er også tare i Dumbefjorden. Dumbefjorden vart i 2008 foreslått som referansefjord for Sukkertareprosjektet[2] som skulle kartlegge tilstand for sukkertare langs Norskekysten. Tareøkosystem er særs produktive og artsrike, og dei er viktige oppvekst-, føde- og leveområde for fisk og andre artar, og beiteområde for sjøfugl. Det er viktig at ikkje tare og andre makroalgar si genetiske tilpassing til varierande lokale miljøforhold langs kysten vert vatna ut som følgje av flytting og produksjon av ikkje stadeigne algar, ettersom vi ikkje har kunnskap om kva dette kan få av følgjer for fiskeressursar og anna marint liv. Bruk av ikkje-stadeigne eller spesielt framavla

[1] https://www.fylkesatlas.no/share/e10293284a7b
[2] http://www.miljodirektoratet.no/old/klif/publikasjoner/2467/ta2467.pdf

makroalgarstammer med endra eigenskapar, kan i tillegg til risiko for genetisk påverknad, også gje risiko for introduksjon og spreiing av sjukdomsagens til stadeigne tarepopulasjonar.

Kunnskapsgrunnlaget er hittil svært lite når det gjeld genetisk populasjonsstruktur for tareartane og andre makroalgar, om dei genetiske skilnader ein ser er uttrykk for lokal miljøtilpassing, og det totale risikobiletet ved bruk av anna enn stadeigne stammer av tare og andre makroalgar i akvakultur. Ettersom vi veit så lite om kor stor risikoen kan vere, meiner Fylkesmannen at føre-var-prinsippet må leggjast vekt på inntil meir og sikrare kunnskap ligg føre. Universitetsmiljøa i Oslo og Bergen har i ei risikovurdering frå 2015[3], utført på oppdrag frå Miljødirektoratet, konkludert med at føre-var-prinsippet bør følgjast ved utsetting av tare på nye lokalitetar inntil tilstrekkeleg kunnskap om populasjonsgenetisk struktur er på plass, og dei tilrår difor at taredyrking skjer med lokalt materiale.

Søkjar har opplyst at dei tek sikte på å bruke lokale sporer for sukkertare og butare, mens det ikkje er så klart uttalt for dei andre artane. Sjølv om artane som skal dyrkast ved Klippenesvika er vanlege i området, er det også viktig at det vert sett vilkår i løyvet etter akvakulturlova om at stiklingane som skal brukast, er produsert frå stadeigne stammar/populasjonar.

Utover det som er nemnt over, har vi ikkje kjennskap til spesielle verdiar for det marine naturmangfaldet i det område t produksjonen ved Klippenesvika skal gå føre seg. Det er i større eller mindre grad knytt miljøinteresser til alt areal langs kysten og langs vatn og vassdrag. Det er summen av alle inngrep over tid i desse områda som reduserer området sin verdi for vilt og biologisk mangfald.

Friluftsliv: Heile fjorden er mykje brukt som båtutfartsområde. På sjølve lokalitetsarealet har akvakultur prioritet framfor andre interesser, jf. kommuneplanen. Anlegget bør difor ikkje utgjere noko vesentleg konflikt med friluftslivet, om det held seg innafor rammene som er sett.

Verneområde og vilt: Det er to verneområde med sjørelaterte verneverdiar innanfor ein 5 km radius frå lokaliteten, Ramsholmen[4] og Sakrisøy[5] naturreservat. Av desse to er Sakrisøy viktigast som hekkeplass for sjøfugl. Tareanlegget kan ventast å tiltrekke seg ei rekkje andre artar, i heile spekteret frå plankton til fisk. Det er difor nærliggjande å vente at også fugl og anna vilt på næringssøk vil trekkje til anlegget. Vi gjer merksam på at ansvarleg for anlegget pliktar å gjere alle nødvendige førebyggjande tiltak mot viltskade. Det ligg allereie akvakulturanlegg nærmare desse verneområda enn den omsøkte lokaliteten, og avstanden mellom tareanlegget og verneområda er stor nok til at vi ikkje ventar at etableringa ved Klippeneset får verknad på verneformålet i dei to naturreservata.

Samla vurdering for naturmangfaldet: Vi ser samla sett på ei etablering av anlegg for produksjon av makroalgar ved Klippenesvika som lite konfliktfylt. Vi ber om at det vert sett vilkår i eit eventuelt løyve om at produksjonen må skje med stiklingar av lokale, stadeigne populasjonar av tare og andre makroalgar, ut frå føre-var-prinsippet. Vi ber om at det vert sett eit generelt vilkår knytt til vern av vilt i eit eventuelt løyve, t.d.: Innehavar av løyvet må ta omsyn til fugl og anna vilt, og gjere førebyggjande tiltak mot viltskade.

---

[3] http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2015/Mars-2015/Risikovurdering-ved-utsetting-av-ikke-stedegen-tare/

[4] https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001319

[5] https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001286

Konklusjon
Fylkesmannen vurderer at verknaden som utsleppa frå ein årleg produksjon av 200 tonn makroalgar kan få på ytre miljø, er meir enn det som kan reknast som ubetydeleg. Vi har gjeve løyve etter ureiningslova til dette i eit eige skriv.

Fylkesmannen har ikkje kjennskap til tilhøve innanfor våre ansvarsområde som gjev grunn til fråråding av søknaden om etableringa av akvakulturanlegg for produksjon av makroalgar ved Klippenesvika. Vi ber om at det vert sett vilkår som sikrar bruk av lokale, stadeigne populasjonar av makroalgar i produksjonen, og vilkår som ivaretek omsynet til fugl og anna vilt.

Med helsing

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi vert sent med digitalpost:

Ramsholmen AS
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Solund kommune
Miljødirektoratet
Fiskeridirektoratet, Region vest
Mattilsynet

Orientering til fylkesmannen i høve til løyve til utslepp frå akvakulturanlegg

NB! utfylt skjema er unnateke offentlegheit, jf. Off.l. § 13

Før ny eller endra oppdrettsproduksjon vert starta opp (jf. vilkår), må utfylt skjema sendast til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Orientering kan også sendast på e-post til fmsfpost@fylkesmannen.no
Dette skjemaet kan lastast ned frå: http://www.fylkesmannen.no/sfj

Lokalitet og kommune	Storleik og type	Art (ar)	Kartreferanse UTM(EUREF89)
Lokalitet: Kommune:			Kartblad: Sone: (32V) Koordinatar:

	Ansvarleg for utsleppsløyve (i høve til ansvarskravet i samsvar med ureiningslova) er:		
Namn			
Firma og adresse			
Postnr.		Poststad	
Tlf.			
Telefaks			
Mobiltlf.			
E-post			
	Kontaktperson på anlegget er (dersom annan enn over):		
Namn			
Adresse			
Postnr.		Poststad	
Tlf.			
Telefaks			
Mobiltlf.			
E-post			
Kontaktperson når det gjeld **internkontroll (ytre miljø) på anlegget**: (dersom annan enn over)			
Kontaktperson når det gjeld **internkontroll (ytre miljø) i konsernet**: (dersom aktuelt)			

Legg ved kopi av overordna **dokumentasjon på internkontroll som gjeld ytre miljø** (vi ber spesielt om kopi av mål, organisasjon (spesielle ansvarstilhøve som gjeld internkontroll) og evt. årleg gjennomgang), jf. § 5, 1. ledd nr. 4, 5 og 8 i internkontrollforskrifta.	
Dokumentasjonen er ikkje heilt ferdig, men vil verte sendt inn innan:	Dato:
Dersom det er vilkår som ikkje kan stettast med ein gong, skriv her eller på eige ark kva vilkår det er problem med og når de meiner det kan stettast (dette vert handsama som ein dispensasjonssak, og de vil få skriftleg attendemelding):	
Dersom det er tvil om innhald/krav i eit vilkår, skriv spørsmålet her eller på eige ark – eller omtal korleis de har planlagt å stette kravet:	

Underteikna har lese gjennom utsleppsløyve og alle vilkår og stadfestar med dette at vilkåra vil verte stetta.		
Stad	Dato	Underskrift